

KOMMENTAR TIL KONSESJONSSØKNAD FOR GRØDALEN KRAFTVERK I SAUDA KOMMUNE

Me, Anne Karin Hoftun og Trond Farbu, er klart imot den foreslalte utbygginga.

1. Hovudgrunnen er at store deler av inngrepet skjer over tregrensa i eit område som er regulert til friluftsområde og er eit INON område (Inngrepsfrie naturområde) .

2. Grunnarbeidet og saksframlegget frå Haugaland Kraft er for dårlig

Begranning for 1: Inngrep over tregrensa og i frilufts- og INON område

Anne Karin er ein av grunneigerane i felleseiget Risvollien g.nr21 med ca 3,5%. Me eig og ei hytte på Risvollia.

Som hytteeigarar og grunneigar, er me to av storbrukerane av Nordstøldalen. Me er svært glade i å vere ute og å gå tur, og bruker området som blir berørt mykje både sommar og vinter. I tillegg brukar me resten av dalen og fjellet som også blir svært berørt i og med at den vakre utsikten mot Grødalens og Grødalselva blir skjemma av ein rørtrasè, ATV veg, scooterløype, inntaksdam og at elva forsvinn.

Sidan kraftverket og rørtraseen ligg så høgt over havet vil det ta lang tid før inngrepet vil gro igjen om det nokon gong vil gjere det. Der det må skytast ned i terrenget vil det aldri bli som før. I tillegg skal det vere ATV veg opp til inntaket. Denne vil også vere synleg for all framtid.

Denne vil også føre til auka motorisert ferdsel opp i Grødalens.

Deler av dalen er vurdert som eit regionalt viktig friluftsområde. Deler av Grødalselva ligg innanfor dette område og store deler av friluftsområdet har utsikt til heile elva. Etterkvart som som ein kjem opp i høgda mot Hovlandsnuten vil meir og meir av elva og Grødalens vere synleg. Kvart år blir motbakkeløpet Hovlandsnuten opp arrangert. Dette samlar svært mykje folk og gjer at området også får aukande bruk i resten av året.

I tillegg til å ligge i eit mykje brukte friluftsområde ligg Grødalens og Grødalselva inne i eit inngrepsfritt naturområde (INON- område). I Sauda Komune er store delar av all vasskraft utbygd. I tillegg går det kraftlinjer gjennom store delar av fjellet. Det er svært lite områder over tregrensa som er uberørt. Grødalens og Grødalselva er det einaste området i Nordstøldalen som heng saman med eit område der det ikkje er gjort inngrep.

Leidningstraseen vil også ha negative konsekvensar. Det vil måtte hoggast ei gate og linja vil vere godt synleg frå dei fleste hytteområda i dalen. I tillegg er det ved Alternativ 1 tegna inn at tilknytingspunktet vil vere på Tveittunet. Dette er eit klyngetun og museum. Ned mot dette vil det då komme ei brei snauhogd gate med ei kraftlinje og på tunet eit tilknytingspunkt.

Politikerane lova ved sist utbygging at dette var siste store utbygginga. Kva hjelper det når snart alle elvane som er igjen blir brukt til småkraftverk.

Begranning for 2: Dårlig grunnarbeid og saksframlegg av Haugaland Kraft

A. BAGATELLISERING

Gjennom heile konsesjonssøknaden er dei negative innverknadane bagatellisert og dei positive framheva.

Det faktum at liene opp mot Grødalens rørtraseen skal ligge og store deler av Grødalselva er synleg frå store deler av Nordstøldalen og fjellområda i vest, bagatellisert til at deler av fossane er synlege frå hyttene på Beintfram . Det er lagt stor vekt på at mykje ligg inne i skogen og det over skoggrensa er nesten ikkje nevnt. (S 40)

Grødalselva og området rundt er eit sentralt element i landskapsbiletet i Nordstøldalen og for fjella i vest.

På s 41 er INON inngrepet nevnt og igjen er det svært bagatellisert.

Same side er Kulturminne tatt opp. Her står ingenting om leidningtraseen som kjem ned på Tveittunet og kva verknad det vil ha.

På s 42 er brukarinteresser tatt opp. Igjen er det bagatellisert: « vert i nokon grad nytta som friluftsområde lokalt»

Nordstøldalen blir meir og meir nytta som friluftsområde sommar som vinter.

B.. BERØRTE GRUNNEIGERAR

I samandraget står at Haugalandkraft AS har inngått avtale om alle nødvendige rettar med rettshaverane til planlagt utbygd elvestrekning, ny veg og ny 12,5 kV tilknytningslinje.

I vedlegg 6 står oversikt over involverte grunneigerar og rettshavere.

Ved både alternativ 1 og 2 manglar det fleire navn på denne lista

I Alt 1 manglar eigar av g.nr 23 br.nr 1 Arild Fossteit og g.nr 23 br.nr? Elfinn Birkeland som begge får bilveg over sin eigedom.

I Alternativ 2 er kraftverket plasser på høgdekote 340 (Jamfør Vedlegg 2a og 2 b) Ved denne plasseringa vil kraftverket ligge på felleseige Risvollien G.nr21 og dette sameige vil ha ca 20 m fallhøgde. Ein del av rørtraseen er også plassert på g.nr 21. Ingen av desse grunneigerane står på lista. Som ein av grunneigerane har eg aldri blitt orientert om dette eller spurt om mi mening.

Ved dette alternativet vil også dei to overnemnde grunneigerane ha fallrettar og det er ennå ein grunn til at dei burde stå på denne lista.

C. VASSFØRING

Som sagt før går me svært mykje tur i dette området og elva er svært ofte så lita at me fint kan passere tørrskodd. Grødalselva er ei flomelv som fyk fort opp og går fort ned.

I Rapporten kjem det fram at estimering av vassføring er usikker. Nedslagsfeltet er 100% snaufjell med lite myrer og berre eit lite vatn heilt i grensa. Dette ville ikkje kunne bremse avrenninga. Det blir sagt at avrenningskartet har ein usikkerhet på +/- 20% og at uikkerheita aukar på små nedbørsfelt som dette er. Det er også usikkert kor representativt Grimsvatnet er.

Dette kjem fram i rapporten, men er lagt lite vekt på i Haugaland Kraft sine konklusjonar.

For oss som går mykje i begge områda, slår det oss kor ulike desse er. Grødalens høgare og har høge fjell i vest som vil ta av mykje for nedbøren. Grimsvatnet har ikkje slike høge fjell i vest, men derimot høge fjell i aust som vil gi meir nedbør.

Me har sett på skrivet «**NVE inviterer til dugnad for gode småkraftprosjekt»**

Dette nevner 4 områder som gjer at ein bør tenkje på å trekke søknaden.

1 Konfliktnivå

I det som er skreve over burde det kome tydeleg fram at konfliktnivået er bagatellisert.

2 Svært kostbare prosjekter.

Dette har me ingen forutsetnad for å vurdere, men me meiner ut frå vår kunnskap at estimering av størrelsen på vassføringa er vel høg og svært usikker.

3 Manglende grunneigaravklaring.

Dette er i høgste grad tilfelle her og vil auke konfliktnivået.

4 Manglande nettilgang i områdekonsesjonsnivå.

Nettilgangen er for dårlig i Sauda og det må byggjast nye linjer forå ta seg av meir strøm.

Konklusjon:

Som det kjem fram i det me har skreve meiner me at Grødalselva ikkje skal byggast ut.

Sauda 220314

Anne Karin Hoftun

Trond Farbu